

Varelagerskjema m.m. til årsoppgjerset 2022

For nokre år sia utforma vi eit nytt varelagerskjema som skal vere meir lettfatteleg og enklare å fylle ut.

Vi sender ut seks skjema til dei som driv landbruk. Dei fire første skjema gjeld landbruket, viss du har anna næring i tillegg skal skjema nr. 5 og 6 fyllast ut. Driv du kun anna næring får du tilsendt fire skjema. Aksjeselskap skal ikkje fylla ut skjemaet «opplysningar til skattemeldinga».

Landbruk


- | | |
|--|------------------------------------|
| 1. Varelager pr. 31.12 | |
| 2. Oppgåve over dyretal 31.12 | <u>Anna næring</u> |
| 3. Opplysningar til skattemeldinga | 1. Varelagar, anna næring |
| 4. Nøkkeltalsanalyse og
effektivitetskontroll | 2. Opplysningar til skattemeldinga |
| 5. Varelager, anna næring | 3. Arbeid utført, ikkje fakturert |
| 6. Arbeid utført, ikkje fakturert | 4. Bruk av bil i AS |

Elektronisk levering:

Vi har i år gått bort frå Excel utfylling og heller opna for utfylling direkte i PDF filen.

Viss du ønskjer å levere elektronisk finn du skjemaene på heimesida til Jæren Rekneskapslag, eller som vedlegg i tilsendt e-post. På heimesida finn du skjemaene nedst på «hjem» sida. Opne eller last ned skjemaene som passar din bedrift etter om det er jordbruk, eller anna næring du driv. **Husk å fylle ut alle skjemaene** som er aktuelle for deg. Etter at du har fylt ut alle sidene klikkar du på «lagre som» og lagrar skjemaet (PDF-fila) en plass du finn det igjen, så sender du det til oss som vedlegg til ein e-post. Sender du det inn elektronisk på e-post treng vi ikkje underskrift. På denne måten slepp du å skrive ut skjemaene og skanne dei inn igjen etter at du har signert. Men skriv i e-posten kven som er avsendar av skjemaene.

Vi har låst de cellene der det ikkje skal skrivast noko, slik at det er lettvint å hoppe frå rute til rute i skjemaet ved hjelp av tab knappen på tastaturet.



Takk for godt samarbeid i året som har gått!